

Henriette Eide
Valdersnesvegen 36
5939 SLETTA

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/4192 - 22/40689

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
27.05.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 499/6 Ystebø

Tiltak: Oppretting av ny grunneigedom
Byggjestad: Gbnr 499/6
Tiltakshavar: Henriette Eide
Heimelshavar: Hans Nicolai Jensen og Anny Karin Jensen

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 19.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknaden er berre signert av ein av to eigarar av gbnr 499/6. Anny Karin Jensen må også signere søknaden.
2. Det er ikkje lagt ved situasjonskart som syner arealet ein søker frådelt. I søknaden er det kryssa av for at situasjonskart er vedlagt. Likeins er det i nabovarselet vist til situasjonsplan datert 2022.03.07. Situasjonsplan må sendast inn.
3. Arealet som ein reknar med at søknaden gjeld er uregulert og sett av til bustadformål i kommunedelplan for Radøy. I punkt 2.1 i føresegnene til planen går det fram at slike areal må inngå i reguleringssplan før det mellom anna kan gjevast løyve til frådeling. Alternativt må ein sökje om dispensasjon frå dette punktet. Informasjon om dispensasjon finn ein mellom anna på kommunen si heimeside: [Alver kommune - Dispensasjon](#)

Gjer merksam på at søknad om dispensasjon også skal nabovarslas og at gebyret for dispensasjonssøknad er på kr. 17 425,-. Dette i tillegg til gebyr for deling og oppmålingsgebyr.

Dersom me har oppfatta arealet rett, må ein vera klar over at det ligg diverse kommunale leidningar på arealet. Bruken av arealet vil derfor kunne verta avgrensa av dette.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 27.06.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hans Nicolai Jensen
Henriette Eide

Slettevegen 860
Valdersnesvegen 36

5939 SLETTA
5939 SLETTA